



## Notat

Dato: 28.08.2018  
Arkivsak: 2018/13346-1  
Saksbehandlar: oddsylt

---

Til: Fylkesutval  
Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Evaluering av sykkel VM

På møte i fylkestinget 12.-13. juni 2018 vart det m.a. gjort følgjande vedtak i sak 38/18 om motrekning av usikkerheitsavsetjing.

*«Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet.»*

Fylkesrådmannen legg fram dette notatet med eit overordna bilet av korleis Skyss arbeidde for å gje innbyggjarane i Bergen og omegnskommunane eit forsvarleg kollektivtilbod under sykkel VM, og kva tiltak Statens Vegvesen saman med Bergen 2017 gjorde på vegnettet for å leggje til rette for ei god avvikling av sykkel VM. Det vert og gjort greie for løyvingane på kultursida og kva desse midlane vart bruk til.

#### Kollektivområdet

Sjølv rammene og føresetnadene for planlegging av kollektivtilboden under Sykkel-VM var usikre. Det var stor usikkerheit knytt til tal tilskodarar, tal tilreisande, samt endringar i reisebehov og reisemønster. Usikkerheitene var knytte til faktorar utanfor Skyss sin kontroll, slik som arrangementets attraktivitet, publikums preferansar, arbeidsgjevar si tilrettelegging, været under arrangementet, og uføresette hendingar.

Tal tilskodarar, endringar i reisebehov og endringar i reisemønster var innafor det usikkerheitsspennet Skyss tok høgde for i planlegginga. Totalt sett berekna Skyss rett kapasitetsbehov, og endringar i reisemønster vart tekne omsyn til etter kvart innanfor samla kapasitet. Eksterne faktorar som godt vær, positiv presse under meisterskapet og ingen store hendingar som skapte langvarige avvik, medverka og til at Skyss leverte eit godt kollektivtilbod i samsvar med planane som var lagt i forkant.

Skyss var medlem i mange grupper som hadde som mål å risikovurdere og planlegge element ved Sykkel-VM som omhandla trafikk og kollektiv. Gjennom våren 2017 vart oppgåvene endra frå planlegging til gjennomføring.

På bakgrunn av analysar og berekningar valde Skyss å inngå avtale om bruk av 32 ekstra bussar frå Tide Reiser. Desse gjekk i skytteltrafikk mellom Shuttle bus terminal og terminalar rundt Bergen. Søndag 24.

september vart det i tillegg leigd inn 60 bussar for å dekke inn forventa behov. Det vart bestilt auke i frekvens på Bybanen for å dekke forventa auka tilstrøyming frå sør. Nordhordlandsbåten fekk auka frekvens siste helga og Kleppestø-Bergen auka frekvensen under heile Sykkel VM. Tal frå sanntidssystemet viser reduksjon i reisetid på bussar i rute mellom 10% og 54 % på utvalde liner i veke 38 under sykkel VM samanlikna med veke 44 med normal busstrafikk.

Undersøkingar utført for Skyss etter Sykkel-VM viser at 58% av respondentane fekk sitt normale reisemønster endra i perioden. 83% svarer at dei har lagt merke til informasjon om at kollektivtilbodet vart endra under VM og 73% ser på informasjonen som god. Når det gjeld tilrettelegging av rutetilbodet under sykkel-VM meiner 73% at dette er gjort på ein god måte, berre 8% meiner at rutetilbodet var dårlig tilrettelagt.

Det har vore veldig mange positive tilbakemeldingar direkte til Skyss frå reisande under og etter Sykkel-VM. Spesielt er det framheva god informasjon, god service på Bergen Busstasjon og fordeler med direktebussar til/frå terminalane. Både kundesenter og Skyss.no hadde omrent ein dobling av normal trafikk, spesielt i starten av perioden.

#### Ressursbruk og økonomi - kollektiv

I vekene før VM og under gjennomføringa var dei fleste i Skyss involvert i aktivitetar knytte til meisterskapet. Alt i alt var arbeidsbelastninga i Skyss ulik og høgare enn normalt som følgje av Sykkel-VM. Det vart i perioden registrert ca 1 500 timer overtid, til ein kostnad på omlag 1 mill. kr.

Søknad om Sykkel-VM vart levert i desember 2013, og det vart i den samanhengen utarbeidd eit budsjett på 7,9 mill. kr for Skyss knytt til avvikling av kollektivtrafikk i samband med arrangementet. Budsjettet vart seinare oppdatert som følgje av ny informasjon og kjennskap til arrangementet. Skyss sin del av fylkeskommunen si løying til Sykkel VM var då på 8,5 mill. kr.

Endra føresetnader gjorde at budsjettet i februar 2017 vart oppjustert til 20 MNOK. Av endra føresetnader kan følgjande nemnast:

- Opphavleg planlagt haustferie for alle skular i Bergen skulle ikkje avviklast under VM likevel.
- Tidspunkt for stenging av sentrum vart utvida
- Utvida stengingstidspunkt av Christiesgate frå 9 dagar til inntil 14 dagar.
- Stenging av Nattlandsveien mellom kl. 8:30 og 19.00

Det nye budsjettet var grunnlag for søknad om ekstra løying frå Kulturdepartementet. Av Kulturdepartementet si ekstra løying på 7,5 mill. kr vart 4,2 mill. kr avsett til Skyss. Denne løyinga vart aldri overført til Skyss og er framsett som krav i konkursbuet til Bergen 2017.

Den totale løyinga til Skyss i samband med Sykkel-VM vart dermed på 12,7 mill. kr, medan Skyss sine totale kostnader vart estimert til 20 mill. kr.

Oppsummeringa etter sykkel-VM viser at Skyss har hatt kostnader på omlag 18,1 mill. kr i samband med Sykkel-VM. Grunnen til at ein kom noko betre ut enn budsjettet på 20 mill. kr, er at ein valde å ikkje sikre seg mot alle scenario fullt ut. Det vart teke risiko i samband med ekstra produksjon, og i staden for ytterlegare informasjonsarbeid og innleige av kapasitet, vart mykje løyst ved omdisponeringar og stram styring av ressursbruken.

Summen på 18,1 mill. kr som Skyss har hatt med sykkel-VM fordeler seg slik:

Ekstra ruteproduksjon	12,0 mill. kr
Marknads- og informasjonsarbeid	4,6 mill. kr
Kostnad - tilsette ved Skyss	1,5 mill. kr

Billettomsetninga i perioden 16.- 24. september 2017 auka med 26 % samanlikna med same periode i 2016. Same periode auka tal selde billettar med nesten 200 000 (49 % auke), samanlikna med same periode i 2016. Dette ga meirinntekter på ca 5,2 mill. kr samanlikna mot tilsvarende periode i 2016. Del som kjøpte mobilbillett i Hordaland var under sykkel-VM den høgaste nokosinne. Andel som kjøpte billett om bord bussen har aldri vore lågare.

### Tiltak på veg

I samband med sykkel-VM i 2017 (og Tour des Fjords i 2016) utførte Bergen 2017 AS arbeid/tiltak på Ev, Rv og Fv i Bergen, Fjell, Øygarden og Askøy kommunar.

Bergen 2017 stod som ansvarleg for planlegging og gjennomføring av arrangementet. Vegtiltak vart utført for å lage ein sikker løypeprofil, men det vart og utført tiltak for framkome til kollektiv/andre formål. Bergen 2017 var byggherre for tiltaka og stod derfor som ansvarleg for at arbeidet vart utført med omsyn til gjeldande lover og forskrifter samt SVV's handbøker. Byggherreansvaret inneber og koordinering av arbeid, og å henta inn naudsynte data og løyve frå andre etatar, VA-, kabel-, og leidningseigarar. Etter arrangementet stod Bergen 2017 som ansvarleg for mellombels sikring, skilt og vegmerking fram til reetablering vart fullført.

Til arbeidet som vart utført nytta Bergen 2017 entreprenørar.

- Fyllingen Maskin AS med fleire underentreprenørar
- BMO Elektro AS elektro/signal (tiltak utført i 2016: Mesta AS)

Statens Vegvesen er godt kjent med dei entreprenørane som har utført arbeidet og har ingen negative merknader til deira arbeid. Entreprenørane har solid erfaring frå tilsvarende arbeid på og langs veg.

SVV hadde ansvar for å følge opp byggherren samt for å sette eit geografisk- og ansvarsmessig grensesnitt mellom tiltak utført av Bergen 2017 og entreprisar i eigen regi.

SVV gjorde følgande:

- Detaljprosjektering og utarbeiding av arbeidsteikningar for alle tiltak med omsyn til gjeldande lover og forskrifter samt SVV's håndbøker.
- SVV opna eRoom for teikningar, dokumentasjon og arkiv, samt Elrapp.

SVV prosjekterte tiltaka basert på prioritert liste frå Bergen 2017. Det vart prosjektert minimumsløysningar der den totale kostnaden for materialar, gjennomføring, reetablering vart rimelegast. Materialkostnadene på tiltaka var liten, samanlikna med kostnader for mannskap, rigging, nattarbeid. Bergen 2017 valde kva tiltak som skulle utførast. Alle ønskja tiltak vart ikkje utført pga. økonomi.

Etter sykkel-VM vart det berre utført eit minimum av tiltak (tilsvarende løysning som rett før VM).

I oktober 2017 ba SVV om eit møte med Bergen 2017, der Bergen 2017 melde skriftlig tilbake at det ikkje var nok midlar i selskapet til å betale for allereie utført arbeid eller å sette i gang nytt arbeid. Bergen 2017 søkte Samferdselsdepartementet om tilleggsløyingar i oktober 2017, men fekk avslag (desember 2017).

SVV utførte synfaring på alle tiltak for å ivareta trafikktryggleiken på vegen og nødvendige strakstiltak er gjennomført. Primært gjeld dette stader med høg risiko for ulykker. Døme er merking av alle fotgengarfelt, reetablering av nødvendige skilt, ein del øvrig vegmerking samt at alle signalanlegg vart sett i normal drift like etter VM var slutt.

Februar 2018 vart det avklart mellom SVV og Fylkeskommunen at SVV re etablerer tiltaka etter sykkel-VM. Kostnad for re etablering kalkulerer seg til 10 mill. kr ekskl. mva. Av dette summerer kostnader til fylkesveg seg til 8,5 mill. kr og 1,5 mill. kr er knytt til riksveg. Tiltaka med re etablering på vegane er utført. Dei fleste anleggsarbeida har gått føre seg nattetid pga. stor trafikkmengd og få høve til omkjøring.

## Kultursida

På kulturområdet vart det løyvd 2,5 mill. i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2017 til gjennomføring av kulturaktivitetar under sykkel VM 2017.

Midlane vart brukt til fire ulike tiltak:

- Tilskot til omegnskommunane
- Tilskot til aktivitetar Torgalmenenning
- Tilskot til aktivitetar byrom
- Tilskot til institusjonar

Fjell , Askøy og Øygarden fekk tildelt midlar etter søknad på ymse aktivitetar i kommunane

Torgalmennenning var ein viktig samlingsstad under VM med mellom anna alle medaljeseremoniane. Det var dagleg ulike konserter og arrangement som var gratis for tilskodarane. Mellom anna fekk ein sjå Jan Eggum, Sigrid Moldestad, BIT 20Sykkelmusikk, Ausekarane, Sjøforsvarets Musikkorps, Allsang frå Bergen med ulike artistar. Totalt var det om lag 51 000 tilskodarar under sykkel VM.

Det vart og gjeve tilskot til institusjonar etter søknad med fokus på ekstraordinære aktivitetar eller auka tilbod under sykkel VM. Følgande søkte og fekk innvilga søknadene: Kode Bergen, Bergen Internasjonale kultursenter, Kystmuseet i Øygarden, DNS, Galleri 3.14, Bryggens museum/ Rosenkrantzårnet/ Damsgård Hovedgård og Litteraturhuset.

## Indirekte kostnader

Det går fram ovanfor at Skyss sin organisasjon var tungt engasjert i å arrangere sykkel-VM over lang tid. I tillegg til summen nemnt ovanfor hadde Skyss monalege kostnader med møteverksemd og utgreiingsarbeid. Utover dette hadde ein på fleire sektorar møteverksemd knytt til sykkel-VM, ikkje minst fylkesrådmannen med tilhøyrande stab var del av fylkeskommunen sitt arbeid med sykkel-VM.

Desse kostnadene er ikkje talfesta, men kjem i tillegg til oppstillinga nedanfor.

Fylkeskommunen har dessutan hatt utgifter til advokat i samband med spørsmål knytt Sykkel VM. Dette summerer seg til om lag kr. 300.000,-.

**Oversikt over HFK sine kostnader i samband med sykkel VM.**

I juni 2013 vart det løyvd 15 mill. kr til sykkel-VM etter opphavleg søknad frå Bergen 2017, og i budsjettvedtak gjeldande for 2017 vart det løyvd 2,5 mill. kr.

	Kostnader	Inntekter	Mill. kr Krav/manglende inndecking
Kollektiv	18,1	5,2	4,2
*Kollektiv løyving		8,5	
Fylkesveg	8,5		8,5
Kulturområdet	2,5		
Advokatkostnader	0,3		
Totalt	29,4	13,7	12,7

\*Inntekt for denne post var ved ein inkurie opphavelig satt opp under «Fylkesveg». Retta per 14.9.2018